

Flora eldreråd

Sogn og Fjordane Fylkeskommune,  
Samferdsleavdelinga,

Florø, 16.09.16

## **Vedk. rutehefte/ruteopplysningar.**

Mange har vendt seg til Flora eldreråd og beklaga at ruteheftet ikkje kom ut våren/sommaren 2016.

Eldrerådet beklagar at det no ser ut for å vere slutt på den gode ordninga vi har hatt med dette heftet.

Vårt primære ønskje er at det er råd å få utgjeve og utsendt det trykte ruteheftet frå våren 2017.

Om det er uråd å få til dette, må noko gjerast med den nettløysinga ein har i dag for å finne fram til rutetider. Mange - ikkje berre eldre - finn dagens nettløysing vanskeleg å finne fram i.

Vi har ikkje løysinga for korleis ein kan gjere dette enklare. Men det må kunne skapast greiare vegar å finne fram til ruteopplysningar på nett enn dei ein har i dag.

Vi ser fram til at fylkeskommunen tek tak i dette, slik at også "ikkjeekspertar" kan finne fram på ein grei måte. Når ein forventar at alle skal kunne finne fram til ruteopplysningane på nett, kan ein ikkje ha ei løysing som folk flest slit med å finne fram i.

Med helsing

Flora Eldreråd

### **Kopi til:**

Fylkeseldrerådet  
Plan- og samfunnsavdelinga i Flora kommune